

«mottakernavn»
«adresse»
«postnr» «poststed»

«kontakt»

Dato	02.01.2025
Vår referanse	2024/64294-1
Dykkar referanse	«ref»
Sakshandsamar	Merete Farstad
E-post	Merete.Farstad@vlfk.no
Telefon	97742381

Høyring og offentlig ettersyn av forslag til Planprogram og Hovudutfordringar i Vestland - Vassforvaltningsplan for 2028-2033

Gjeldande vassforvaltningsplan skal oppdaterast for planperioden 2028-2033. Eit planprogram og eit dokument om dei viktigaste utfordringane for vassmiljøet i Vestland er no på høyring med høyringsfrist 30. juni 2025.

Gjeldande vassforvaltningsplan 2022-2027 skal oppdaterast for planperioden 2028-2033. Formålet til planen er å sikre ei heilskapleg og samordna forvaltning av vassmiljøet, der alle sektorstyresmakter (statlege, regionale og kommunale) bidreg for å oppnå målet om god miljøtilstand i alt vatn.

Forslag til planprogram og førebels oversikt over hovudutfordringar i vassregionen vert med dette lagt ut til offentlig høyring og ettersyn. Planprogrammet er utarbeid etter plan- og bygningslova § 8-3. Dokumenta har ein høyringsperiode på seks månadar jf. vassforskrifta § 28. Dokumenta er utarbeid i samråd med Vestland vassregionutval. Vedtak om å leggje dokumenta ut på høyring og offentlig ettersyn er gjort alle fylka med areal i Vestland vassregion.

Planprogram

Planprogrammet legg premissane for arbeidet med ny regional plan for vassforvaltning med eit tilhøyrande tiltaksprogram og handlingsprogram, samt framdriftsplan.

Hovudutfordringar i Vestland

Dokumentet *Hovudutfordringar i Vestland* inneheld oppdatert oversikt over miljøtilstand, påverknader og status for gjennomføring av tiltak for å nå miljømåla. Kunnskapsgrunnlaget slik det ligg i databasen [Vann-nett](#) er summert opp i dokumentet. Ei felles forståing av kva som er dei viktigaste utfordringane vil gi et godt grunnlag for vidare samarbeid om forvaltningsplanen og tiltaksprogrammet for planperioden 2028-2033.

Frist for høyring og ettersyn – informasjon om fråsegn

Det er to dokument som er på høyring i perioden 2. januar - 30. juni 2025:

- Planprogram for oppdatering av vassforvaltningsplanen for Vestland 2028-2033
- Hovudutfordringar i Vestland vassregion

Frist for innspel til dokumenta er **30. juni 2025**. Send fråsegna til [Vestland fylkeskommune](#).

Det vil bli arrangert høyringskonferanse om dokumenta. Nærmare informasjon om tidspunkt kjem seinare.

Det er lagt opp til vedtak av planprogrammet og hovudutfordringar i Vestland vassregion hausten 2025.

Vi vil ha dine innspel

For å få ein vassforvaltningsplan som tek tak i utfordringane for vassmiljøet i Vestland er det viktig å få fram meiningsmangfaldet for korleis betre og beskytte miljøtilstanden i elvar, innsjøar, grunnvatnet og sjøområda.

Vi oppmodar kommunar, statlege organ, frivilligheit, organisasjonar, næringsliv og alle andre som har interesse for vassmiljø til å bidra med innspel, slik at vi kan få ein endå betre plan for korleis vi skal nå miljømåla for vatn til glede og nytte for heile samfunnet.

Kva ønskjer vi dykkar syn på?

Vi ønsker oss innspel og kommentarar til forslag til planprosessen og førebels kunnskapsgrunnlag som peiker ut hovudutfordringar for vassregionen;

- prosess
- organisering
- medverkingsopplegg
- hovudutfordringar i vassregionen.

Vi har lista opp nokre høyringsspørsmål som vi særskilt ønsker innspel på (vedlegg1). Kom gjerne og med andre innspel enn dei som er lista opp.

Om vassforvaltningsplanen

Planen bygger på vassdirektivet til EU som vert gjennomført i heile Europa. I tråd med vassforskrifta set dei regionale vassforvaltningsplanane miljømål for alt vatn, både elvar, innsjøar, kystvann og grunnvatn. Miljømåla skal sikre eit heilskapleg vern og berekraftig bruk av vatnet og er skildra som miljøtilstanden som skal verte nådd i planperioden.

Vassforvaltningsplanen set miljømål for vassførekomstane, tiltaksprogrammet skisserer tiltak for å nå miljømåla, og handlingsprogrammet koordinerer prosessen med å nå miljømåla. Kommunar, fylkeskommunar og statlege etatar er gjennom planen plikta til å legge miljømåla til grunn for sin planlegging og verksemd. Planen skal etter vedtak i fylkestinget sendast over til Klima- og miljødepartementet for godkjenning.

Forslag til plandokument vert jobba fram i samarbeid med kommunar, fylkeskommunar og statlege etatar. Det vert lagt til rette for medverknad frå interessentar, lag og organisasjonar og liknande.

Med helsing

Endre Høgalmen
seksjonsleiar
NPI - Naturressursar, landbruk og reiseliv

Merete Farstad
seniorrådgjevar
NPI - Naturressursar, landbruk og reiseliv

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Mottakarliste

Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Austevoll kommune	Birkelandsvegen 2	5392	STOREBØ
Austrheim kommune	Sætremarka 2	5943	AUSTRHEIM
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN

Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Fedje kommune	Postboks 54	5947	FEDJE
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Fjaler kommune	Dalstunet 20	6963	DALE I SUNNFJORD
Gløppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD
Høyanger kommune	August Gunnarskogsgt. 1	6993	HØYANGER
Kinn kommune	Postboks 294	6701	MÅLØY
Kvam kommune	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Luster kommune	Rådhuset	6868	GAUPNE
Lærdal kommune	Postboks 83	6886	LÆRDAL
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Osterøy kommune	Hatland	5282	LONEVÅG
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Solund kommune	Hardbakke 26	6924	HARDBAKKE
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Ullensvang kommune	Opheimsgata 31	5750	ODDA
Ulvik kommune	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Vaksdal kommune	Konsul Jepsensgate 16	5722	DALEKVAM
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Voss herad	Postboks 145	5701	VOSS
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTANGEN
Volda kommune	Stormyra 2	6100	VOLDA
Strand kommune	Postboks 115	4126	JØRPELAND
Vanylven kommune	Rådhuset	6143	FISKÅ
Vang kommune	Tyinvegen 5161	2975	VANG I VALDRES
Lom kommune	Sognefjellsvegen 6	2686	LOM
Skjåk kommune	Moavegen 30	2690	SKJÅK
Nore og Uvdal kommune	Sentrum 16	3630	RØDBERG
Hol kommune	Ålmannvegen 8	3576	HOL
Ål kommune	Torget 1	3570	ÅL
Hemsedal kommune	Hemsedalsvegen 2889	3560	HEMSEDAL
Tysvær kommune	Postboks 94	5575	AKSDAL
Haugesund kommune	Postboks 2160	5504	HAUGESUND
Sauda kommune	Postboks 44	4201	SAUDA
Vindafjord kommune	Rådhusplassen 1	5580	ØLEN
Innlandet fylkeskommune	Postboks 4404	2325	HAMAR
Rogaland fylkeskommune	Bedriftssenteret		
Møre og Romsdal fylkeskommune	Postboks 130 Sentrum	4001	STAVANGER
Statsforvalteren i Vestland	Postboks 2500	6404	MOLDE
Fiskeridirektoratet region Vest	Statens hus - Njøsvegen 2	6863	LEIKANGER
Statsforvalteren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Statsforvalteren i Møre og Romsdal	Postboks 325	1502	MOSS
Statsforvalteren i Innlandet	Postboks 2520	6404	MOLDE
Statsforvalteren i Rogaland	Postboks 987	2604	LILLEHAMMER
Kystverket	Postboks 59	4001	STAVANGER
	Postboks 1502	6025	ÅLESUND

Mattilsynet, Sør og Vest	Jærveien 12	4319	SANDNES
NVE	Postboks 5091, Majorstua	0301	OSLO
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
Jernbanedirektoratet	Postboks 16 Sentrum	0101	OSLO
Direktoratet for mineralforvaltning	Ladebekken 50	7066	TRONDHEIM
Forsvarsbygg	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
Buskerud fylkeskommune	Postboks 3563	3007	DRAMMEN
Østfold fylkeskommune	Postboks 220	1702	SARPSBORG
Akershus fylkeskommune	Postboks 1200 Sentrum	0107	OSLO
Vestfold fylkeskommune	Postboks 1213 Trudvang	3105	TØNSBERG
Telemark fylkeskommune	Postboks 2844	3702	SKIEN
Bane NOR	Schweigaards gate 33	0191	OSLO
SJØMAT NORGE AVD BERGEN	Nordre Nøstekaiaen 1	5011	BERGEN
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV SOGN OG FJORDANE	Hafstadvegen 34	6800	FØRDE
NATURVERNFORBUNDET I SOGN OG FJORDANE	Postboks 691	6801	FØRDE
NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND SOGN OG FJORDANE	Stardalen 700	6843	SKEI I JØLSTER
NORSKE LAKSEELVER	Postboks 9354 Grønland	0135	OSLO
VESTLAND BONDELAG	Hafstadvegen 21	6800	FØRDE
SOGN & FJORDANE FISKARLAG	Postboks 173	6701	MÅLØY
NORGES FISKARLAG	Postboks 1233 Torgarden	7462	TRONDHEIM
SOGN OG FJORDANE TURLAG	Storgata 1	6993	HØYANGER
SOGN VILLAKSRÅD	Lærdalsvegen 1885	6887	LÆRDAL
SOGNEFJORDEN VEL	c/o Torbjørn Dale Kongabergvegen 4	6856	SOGNDAL
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV HORDALAND	Tverrgaten 4	5017	BERGEN
HORDALAND BONDE OG SMÅBRUKARLAG	Postboks 542	5701	VOSS
EVINY FORNYBAR AS	Postboks 7050	5020	BERGEN
BERGEN OG HORDALAND TURLAG	Tverrg 4-6	5017	BERGEN
NATURVERNFORBUNDET HORDALAND	Bredsgården 1e	5003	BERGEN
HARDANGERFJORD VILLFISKLAG	c/o Svein Helge Pedersen Nedre Røynstrand 118	5736	GRANVIN
NORGES JEGER-OG FISKERFORBUND HORDALAND	Nesttunbrekka 95	5221	NESTTUN
SOGN OG FJORDANE BONDE OG SMÅBR LAG	c/o Marit Randi Milde Angedalsvegen 639	6811	FØRDE

